



Koret Kyriake

Feirer 40-årsjubileum i november!

Side 8



Julemesse

Til inntekt for ungdomsarbeidet i kyrkje-lyden laurdag 23.november.

Side 3



Verds-speidarleir

4 unge og 2 vaksne frå Os var på verds-jamboree i USA i sommer.

Side 4

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

REDAKSJON:

Margrethe H. Askeland og kyrkjestaben.

ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

UTGJEVAR: Os sokneråd

ANSVARLEG REDAKTØR:

Margrethe H. Askeland

LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Birgit Tarlebo

FOTO FRAMSIDE:

Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp

TRYKK: Borge Grafisk AS

OPPLAG: 8.800 stk

OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

LEIAR:

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598
antu-bjo@bkkfiber.no

OS KYRKJE: Tlf. 56 57 24 10

KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: post@kyrkja.no

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

Kva salme er du?



Ja hvifor ikkje spørje om det?

Like gjerne som ein i sosiale media spør om hvilken person ein er i ein eller annan TV-serie, kva for dyr ein er osv.

Men spørsmålet etter kva for salme ein er har og ei praktisk side. Vi ser daggrøtet til Bjørnafjorden kommune, og Bjørnafjorden kyrkjelege fellestråd. Mange ting held på å kome på plass. Mellom anna har kyrkjelydane i Os og Fusa fått ny felles IT-plattform. Og med det kom nye mailadresser, 2 bokstavar og 3 tall. Vanskeleg å hugse mailadressa til han og ho som sit på nabokontoret. Ein hjelp kan vere å spørje: Kva salme er du?

Min salme er 735; Gud, i en tid da alle krefter røynes:

*Gud, i en tid da alle krefter røynes,
ber vi om håp i hele verdens strid,
der ingen lysning over veien øynes:
Gud, vær oss nådig nær i denne tid!*

Salma er skriven av Per Lønning og Knut Nystedt i 1969. Vi ber om håp i hele verdens strid. Og så veit vi at mykje av verdas strid er menneskeskapt. Klima og miljø, krig, sosiale skilnader, osv. Det er 50 år sidan denne salma var skriven. Men diverre er tematikken minst like aktuell i dag. I dette nummeret kan vi presentere eit dikt av Lars Hernes som har mykje av den same tematikken i seg.

Sjølv om temaet er like aktuelt i dag som for 50 år sidan gjev salma mi meg ord og ei adresse å rette bønna mi til. I siste verset heiter det:

*Gud, på en jord som snart kan gå til grunne,
rens du vår tanke og vår politikk!
I Jesu navn: Gjør våre viljer sunne!
Gud, kom oss nær i dette øyeblikk!
Gud gjør ei endring, kom oss nær.*

Det er mange måtar å minna kvarandre om den Gud som ønskjer å komme oss nær. I dette bladet syner vi ulike sider av arbeidet i kyrkjelyden, litt om kva som skjer blant born og unge, og litt om koret Kyriakè som har vært ei glede for kyrkjelyden og andre i 40 år.

Og vi går om litt mot jul. Det er tid til å stoppe opp og lytte til nokre liner frå sangen «Det er jul» av Eivind Skeie og Sigvald Tveit:

*Det er menneskets fremtid det gjelder!
Til sist vil du kanskje forstå,
i en stall, i en fattiglig vugge
du hører Guds hjerte slå!*

Margrethe Holmboe Askeland

SOKNEPREST





Julemessa

Kyrkjelyden si Julemesse går av stabelen laurdag, 23. november, kl 10-15 i Tunet kyrkje- og kultursenter.

I år freistar vi å endre litt på det tradisjonsrike programmet. Som før opnar salsmessa kl 10:00 med sal av heimelaga produkt som bakverk, marmelade, syltetøy, handarbeid og kort.

Aktivitetar for barn og unge gjennom dagen vert som før; juleverkstad, speidarleir med popkorn på bål, ansiktsmaling, fletting av hår og lakking av neglar, brettspel, tombola og tipp&vinn. Attåt åresala i Storsalen vert det servert pepperkaker, vafler og kaffi.

PROGRAM:

- Kl. 10:00 Dørene opnar
- Kl. 10:30 Velkomen v/soknerådet
- Kl. 10:35 Tunet barnekor syng
- Kl. 10:45 Åresal
- Kl. 11:45 mini-familiegudsteneste frå gamal tid m/teikning og musikk
- Kl. 12:15 Åresal
- Kl. 13:00 Tweens Sing syng
- Kl. 13:15 Sal av graut & betasuppe
- Kl. 14:00 Kuventræ Skule innslag
- Kl. 14:15 Åresal
- Kl. 15:00 Trekning bok-lotteriet

Inntektene frå julemessa går til kyrkjelyden sitt arbeid blant barn og ungdom. Meir info om messa på vår webside: kyrkja.no/os og på Os kyrkje si facebookside.

Os kyrkje er 150 år

I 2020 fyller (noverande) Os kyrkje 150 år, og det skal vi markera gjennom året.

Det vil vera om lag eit arrangement i månaden tilknytta jubileet. Soknerådet har sett ned ein komité som jobbar med eit breitt felt med arrangement. Det vil vera arrangement for born og unge, konsertar, historisk føredrag og gudstenester med lokalt komponert musikk. Det blir vandring og roing på gamle kyrkjevegar.

Sjølve jubileumsgudstenesta blir søndag 23. august, på dagen 150 år etter at kyrkja var vigsla. I neste nummer av kyrkjebladet kjem ei fullstendig oversikt over arrangementa.

Jubileumsåret blir sparka i gang med festgudsteneste nyårsdagen kl 16. Då vil vi og markera kommunesamanslåinga, og det blir ei enkel kyrkjekaffi på veg ut til fellesfyrverkeriet.

Dagleg leiar i Os kyrkjelyd

I det bladet går i trykken, er det klart at Linda Ekerhovd har takka ja til stillinga som dagleg leiar i Os kyrkjelyd. Ho tek til i jobben 1.november. Vi ynskjer Linda velkomen, og vil kome tilbake med presentasjon av henne i neste nummer.





Osingar på verds-speidarleir



Sommaren 2019 var 45 000 speidarar frå 150 land, ein stab på 9 000 og 36 000 speidarar, på verds-speidarleir, eller verds-jamboree som det heiter, i West Virginia, USA.

Intervjua av Margrethe H. Askeland

Mellom dei var 600 deltakarar frå Noreg, 40 frå Hordaland og 6 frå Os. Dei 4 ungdomane frå Os var Emma Elisa Johansen Orrebakken, Andreas Severin Brattebø og brørne Nikolai og Matias Døsen Pontoppidan. Med som leiarar for tropp 3, hordalendingene, var foreldra Wenche Orrebakken og Jostein Døsen. I lang tid hadde dei førebudd seg. Mellom anna samla dei sponsormiddel, for akkurat gratis var ikkje denne turen. Dei har og hatt i alt 3 samlingar gjennom det siste året med dei andre frå Hordaland. Vi såg og dei 4 os-ungdommene på TV i fjor sommer, med Monsen på tur, eller som her med Fantorangen.

Kyrkjebladet sin utsende fekk ein liten prat med 3 av dei, Andreas, Matias og Emma. Dei fortel at for dei 600 norske speidarane varte turen frå 17. juli – 3. august. Det var 3 reisedagar, 4 dagar i Washington DC og resten av tida var dei på leiren, den 24 verds-jamboreen i den internasjonale speidarbevegelsen si historie.

Var alle dei 600 norske saman i Washington?

Ja, det var vi. Vi budde i studentbustader. I tillegg til å sjå dei tradisjonelle tinga, som museum, Washingtonmonumentet og Arlington æreskyrkjegard var det og tid for fornøynelsespark og shopping.

Og så dro de til leiren. Var alle dei norske samla der og?

Nei, vi frå Hordaland var i ein underleir der det og var speidarar frå Belgia, Tyskland og USA.

Var det lett å komme i kontakt med speidarar frå andre nasjonar?

Ja, det var ulike tiltak som skulle gjere det enklare. Mellom anna var det eit armband med elektronikk knytt til ein app, som gjorde det lett å kome i kontakt med andre. Vi fekk særleg god kontakt med gutane frå USA.



Ferdig oppsett telt med seng venta alle dei 36 000 speidarane. Ikkje heilt som heime.



Dei ulike nasjonane marsjerer inn under sine flagg.

Berre gutane?

Ja, i USA er det framleis slik at gutespeidarar og jentespeidarar er kvar for seg, så det var ein gute-tropp som var i underleiren vår.

Er det andre ting som skil speiding i USA frå speiding i Noreg?

Dei fortel at plassen dei var på var ein av dei faste leirplassane for gutespeidarane i USA. Alle anlegg som for eksempel for vannaktiviteter, terrengsykling, Zip-liner og mykje meir var permanente anlegg. Ein annan skilnad frå Noreg var at dei slapp å byggje leir og slå opp telt. Tomannstelt med feltsenger sto klare til alle då dei kom. Dei fekk utstyret og kunne tatt det med heim, om dei ville. Dei tregar litt på at dei ikkje gjorde det av di det var logo og laga særskilt for denne leiren, men telta heldt ikkje akkurat norsk standard.

Kva for aktivitetar var de med på?

Andreas: Eg likte terrengsyklinga, og så fekk eg meg eit merke for livet i eit fall, seier



Glimt fra leirområdet. Matias får drops av en speidervenn. Nikolai med ryggen til.

han og viser fram eit arr på underarma. Emma: Vannaktivitetene var kjekke. Og så var det godt å kunne kjøla seg ned i varmen.

Mattias: Ja, for det var varmt. Og det førde igjen til at vi fekk nokre torebygger medan vi var der. Det var og kjekt å byte speidarmerke med andre speidarar.

De var altså vekke i 2 ½ veke, synes de det var for lenge?

Mattias svarar kontant: Eg kunne gjerne vore der ei veke til.

Og for den som kanskje ville vore der, men var for ung: Den 25.verdsjamboreen er i Sør-Korea 1.-12.august 2023. Så her er det berre å begynne å spare.

Foto: Anders M. Nielsen, Magnus Gullbrå og Jostein Døsen.



Fantorangen flankert av Emma og Andreas til venstre, Nikolai og Matias til høgre.



Kva skjer på ungdomsfronten?

Vi tok ein prat med ungdomsarbeidar Lars Joar Hilleren, for å høyre om det er noko som er på gang blant ungdomane den siste halvannen månaden før jul.

Når dette bladet er ute i postkassene, er dei fleste ungdomshoppingane for i haust avvikla, og då er det vel ikkje så mykje som skjer?

Jau, sjølv sagt skjer det noko: Først er det **Lan-party 15.-16. november**. Det er for alle frå 8.klasse til og med vidaregåande skule. Vi har fått vår eigen heimeside, så dersom du er i målgruppa, og vil vita meir: Sjekk ut oslan.no. Der får du det du treng av informasjon om arrangementet og påmelding.

Så må vi ikkje gløyme **julemessa i Tunet laurdag 23.november**. Inntektene frå julemessa går til barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Jo meir pengar som kjem inn, jo meir er det å fordela på dei ulike søknadane vi får.

Og 3.søndag i advent – 15.desember – er det lysmesse. Av/med og for ungdomar og med samling i Tunet etterpå

Er det nokon utfordringar i arbeidet du vil nevne særskilt:

Ja vi har stort behov for voksne som kan vere med og vere til stades for dei unge. Særleg gjeld det Join Us. Her treng vi vaksne som er villige til å bruke tida si på å vere til stades på øvingane. Dei skal ikkje ta over for dei unge musikarane, songarane og dirigentane, men vere der og vere ei støtte for dei unge leiarane våre.

Ungdoms KRIK har og sine samlingar på fredagane frå kl 18.30 – 20. Sjekk KRIK Os på Facebook.

Og så kan vi nevne **Nyttårshelga**. Vi blir inviterte til nyttårsleir i Myrkdalen 29.12 – 1.1 saman med Birkeland og Sædalen. Meir info kjem på nettsider, Facebook mm.

Takk for praten!
- Margrethe



Søndagsskolens dag

Søndag 29.september ble søndagsskolens dag feiret i Os.

Tekst og foto: Arne Tveit

Det var en festdag for store og små. Vi ble møtt med festen idet vi kom inn kirkedøra – ei kirke full av unger og voksne fulle av forventning. En måtte gå inn gjennom en fiskegarnsportal før en kunne sette seg. Presten sin preken denne dagen handlet også om fising – om å være menneskefisker, hva nå det enn betyr. Sittende sammen med en stor flokk unger fikk han forklaringen på hva det var for noe fra hånd-dukken Julie som snakket fra prekestolen.

Gudstjenesten inneholdt mer enn preken – her var det jublende sang og spilling fra Tunet barnekor, 4-åringar fikk sin bok, barn ble båret til dåpen.

Etter gudstjenesten forflyttet forsamlingen seg til Tunet kyrkje- og kultursenter. Her var det kirkekafe med innlagt hoppepute, bowling, fising og andre aktiviteter. Ikke alle hadde lyst til å gå heim da festen var over.

Søndagsskolens dag feires bare en gang i året, men søndagsskole er det langt oftere, i høst. Sjekk ut gudstjenestene der det er annonsert med barnesamling, eller familiegudstjenestene.

Og om noen barn er lystne på mer korsang, har de plass til flere i tunet barnekor.




Dukken Julie kom med svar fra prekestolen.



Og etter gudstjenesten var det mange som fikk prøve seg som fiskere



Kapellan Roar lurer på hva «menneskefisker» betyr



Det var og anledning til å prøve seg på bowling



Populært med hoppe-pute.



Trusopplærings-tiltak for 0-11 år

Alle born i aldersklassen er velkomne. Invitasjon til tiltaka vert sendt til føresette av born som enten er døypt eller har foreldre registrert som medlem i kyrkja sitt register.

Dette skjer resten av 2019

Adventskalender 3-åringar

Laurdag 19. november kl. 12-14 markerer vi advent med utdeling av adventskalender og har ei koseleg samlingsstund i: Nore Neset kyrkje, Lunde barneskule, Søfteland bedehus og Tunet, kyrkje og kultursenter

Krev påmelding

Myldregudsteneste i Nore Neset Kyrkje

10. november kl. 11.00

Ei livleg familiegudsteneste med innslag av Babysong og familiekoret ShubaDubs.

Lys Vaken for 11-åringar

Vi feirar inngangen til advent med aktivitet og overnatting i kyrkjerommet.

- Os Kyrkje, 16.-17. november
- Nore Neset Kyrkje, 30. nov -1. des

Krev påmelding

Nytt år - 2020

Familiekoret ShubaDubs

Startar ny sesong torsdag 17. januar kl. 1730-1830 i Tunet kyrkje- og kultursenter.

Krev påmelding

Tårnagent helg for 9-åringar

I Os Kyrkje, helga 15.-16. februar, ynskjer vi 3. klassingar velkomne til ei helg med mystikk og utforsking ! OBS! Flytta til februar i staden for januar, på grunn av opprusting av Os kyrkje

Krev påmelding

Du melder deg på kvart enkelt tiltak her:

os.medarbeideren.no



TUNET

Kyrkje- og kultursenter

Det nye TUNET har mange utleigelokale til ulike formål. Og alle er velkomne til å leige, anten det er dåpsfest, konfirmasjon eller bryllaup. Eller kanskje eit møte av ulike slag?

Salongen: møterom for 6-12 personar

Spegelen: møterom/øvingsrom for 6-20 personar. (P)

Eldstova: møterom for 10-60 personar. (P) (T)

Glass-salen: møterom for 10-25 personar

Storsalen: Møterom/konsertsal/

Foredragssal: 50-190 personar (P) (T)

Undervisningsrom: Møterom for 10-20 personar (P)

Pådekking: til inntil 110 personar.

(P) = projektor

(T) = høgtaleranlegg/teleslynge



Kontakt kyrkjekontoret
for avtale om leige og leigevilkår

Telefon 56 57 24 00



Kyriake 40 år

Kyriake feirar 40 år i år og vi har snakka med Norvald Kobbeltvedt som starta koret, og med Grethe Inger Berge, som dirigerer koret i dag.

Norvald, korleis kom koret Kyriake i gang?

Koret vart til på den måten at ein venn av meg, teologen Øyvind Ingvaldsen, skulle ordinerast i Os kyrkje, februar 1979. Då kom Per Fimreite til meg og spurde om eg kunne få til noko korsong. Eg spurde då nokre unge kvinner og menn i min vennekrets, og på den måten debuterte den første utgåva av Kyriaké, til ære for ordinanden, hans nære familie, fleire prestevenner, inkludert biskop Thor With, og ein del andre venner og kjende. Dette vart opptakten. Øvingane heldt fram etter dette, fordi vi synst det var gøy. Vi fann tonen, bokstaveleg talt. Verdt å nemna er at vi øvte heime i stovo på Hauge, ikkje berre i starten, men i ti år faktisk. Då vi etterkvart flytta øvinga til Kyrkjetunet, sakna våre tre barn den lune korsongen som dei i fleire år hadde sovna til. Namnet Kyriaké kom til etter kvart, etter framlegg frå kapellane Per Fimreite.

Kor lenge dirigerte du dette koret som du starta?


Ja, det hugsar eg ikkje heilt, sidan eg har vore litt av og på. Men eg trur at eg tilsaman har dirigert koret i 30 av dei 40 åra.

Korleis har det vore å dirigere koret gjennom såpass mange år?

Ei viktig drivkraft har vore mine komposisjonar, som eg på den måten har fått framført. Du veit, når ein komposisjon er ferdig, så startar arbeidet med å få han framført. Då er det deilig å ha eit ensemble å arbeida med. I tillegg til kor, har eg ofte lagt på diverse instrument som orgel, gitar, bass, blåsarar og strykarar, alt saman spennande instrument-kombinasjonar. Som regel har vi brukt lokale musikarar. Så dette har vore ei viktig drivkraft. Ellers så er jo koret eit fint instrument som ein kan finstemma og prøva å få det beste ut av. Eg har alltid likt å stå i den prosessen.

Så vart du komponist ja, og har m.a. tonesett mange tekstar frå bibelen. Er det nokre av dine komposisjonar du vil trekke fram, som du kanskje er spesielt nøgd med?

Det er mange ting som dukkar opp då. Eg nemner nokre: *Inn i ditt hus*. Eg hugsar at eg skreiv denne messa til Os kyrkje sitt 125 års jubileum. Her var det Bente Bratlund som skreiv teksten.



Vi hyrte inn ein del profesjonelle musikarar, m.a. Elisabeth Moberg frå "Kvinner på randen". Ho var ein suveren solist som gjorde den framføringa til ei stor oppleving. I tillegg var Patricia Langeland med som utøvar og koreograferte ein dans som passa perfekt til det musikalske uttrykket.

Salve Regina. I Lysekloster ruiner står det eit alter med inskripsjonen Salve Regina, Hill deg jomfru. Å framføra den nyskrivne messa Salve Regina i kapellet i dei gamle klosterruinane gjorde inntrykk.

Salmekveld med Svein Ellingsen. Her hadde vi førebudd eit heilt repertoar av forfatterna, eit par tekstar inkludert melodi av underteikna. Vi hadde også øvt inn ein dans til ein av songane. Etterpå inviterte vi dikteren og nokre andre gjester til kvelds i røykstovo på Hauge. Der avslørte Svein Ellingsen at hans viktigaste lyrikk-inspirator var Arnulf Øverland.

Utsikt frå Mobergsneset. I samband med innviing av det nye kulturhuset Oseana i 2011, vart det arrangert ein korkonsert, der alle kor i bygdo var inviterte. Jimmy Øvredal skreiv teksten til nemnde verk som underteikna tonesette. Dette vart eit fellesnummer der alle kora var med, dvs. ca. 200 songarar. Jimmy deklamerte teksten før storkoret framførte verket i den nye storsalen. Og etterpå gjekk vi utanfor bygget og stilte oss opp i det rette elementet, med utsikt frå Mobergsneset mot fjorden og Tysnessåto, og famførte verket om igjen, ei spektakulær oppleving for alle involverte.



Jeremia. Dette var eit kyrkjespel med tekst av Eivind Skeie og musikk av undertekna, framført under Fritio. Det var eit samabeid med UFO-teateret, leia av Edle Svendsen Lunde. Kyriake framførte musikken, og aktørar fra nemnde teater spelte handlinga. Ein av hovedpersonane var forresten Karla Særvold, kjent frå fleire revyar i Fjellheim.

Noko Attåt. Ellers så var det sjølvsagt stort å få spela inn CD'en "Noko Attåt", som kom i november 2014, med 12 av mine komposisjonar. Kyriake har tatt del i mange gudstenester opp gjennom. Då har eg ofte tonesett ein av bibeltekstane. Det er i hovedsak desse songane vi har samla på nemnde CD.

Har du ein historie eller ei oppleving med koret som du gjerne vil trekke fram?

Vi har mellom anna vore på nokre turar med koret. Ein gong reiste vi til Haag. Ein god venn av oss, Sølve Steinhovden, arbeidde ved ambassaden der. Han hadde vigselfrett, og då vi var der, inviterte han oss til å syngja ved ein vielse. Så då brudeparet kom ut i frå kontoret, song vi (etter avtale med dei nygifte), "Will you still need me, will you still feed me, when I'm sixtyfour".

Grethe Inger, korleis er det å vera dirigent for Kyriake?

Det er veldig kjekt! Kvar mandag møter eg ein humørfylt gjeng, og tonen på øvingane er positiv. Samanlikna med andre blandakor, har Kyriake bra med mannsstemmer, så balansen mellom dame- og mannsstemmer er god.

Korleis vert koret sitt 40 årsjubileum markert?

Vi skal ha konsert i Os kyrkje den 9.november. For å få litt ekstra og intensiv øving, hadde vi ei flott «jobbhelg» på Hermon høgjellshotell tidlegare i haust. Ei god og nyttig oppleving! På konserten blir det litt gammalt og litt nytt repertoar, og tidlegare medlemmar er inviterte til å bli med i eit «storkor» på nokre av sangane. Dette ser vi fram til!

Vi har utfordra Norvald Kobbeltvedt til å komponera ein jubileumssang. Det har han gjort, og vi gler oss til å framføra denne! Koret skal også syngja på gudstenesta i Os kyrkje, søndag 10.november. De skal vera hjarteleg velkomne til jubileumskonsert og til gudstenesta dagen etter!

Inger-Johanne Haugland

Kan presten koma heim med nattverd?

Kva gjer ein når ein har vært ein del av den nattverds-feirande fellesskapen, og ikkje lenger kan ta del av ulike årsakar?

Då kan presten kome heim til den som ynskjer nattverd. «Soknebod» er ein klart definert oppgåve for presten. Det er ein eigen ordning i gudsteneste-boka for dette. Som prest på ulike stader i landet, har eg sett at det er ulike tradisjonar for å nytta seg av denne tenesten.

I ein kyrkjelyd eg var, hadde eg fleire heimar som eg vitja nokre gongar i semesteret. Det kunne vere ektepar, der den eine eller begge ikkje var i stand til å kome seg til kyrkje lenger. Det kunne vere at den eldste i familien ikkje kom seg av garde, men nytta høvet til å tilkalla presten når born og borneborn var heime. Då var det ei fin lita forsamling å feire nattverd saman med. Det var den einslege som ikkje hadde nokon igjen rundt seg å feira nattverd med, men som fekk feire nattverd med presten ein gong i blant - for der to eller tre er samla, er Jesus saman med oss, har han sagt. Anten «heime» var i heimen eller på ein institusjon: Det var store stunder å få lov til å vere på heilag grunn i slike samanhanger.

Nokon kvir seg for å be om denne tenesten. Eg er då ikkje så sjuk? Eg er ikkje døyande! Kan eg bry den travle presten med dette? Osb.

Svaret er: Ikkje ver redd for å be om soknebod. Dette er ei teneste vi GJERNE utfører. Ta kontakt med ein av prestane i kyrkjelyden, eller ring kyrkjekontoret.

Margrethe Holmboe Askeland

SOKNEPREST



Julesalme (69)

I en natt så klar og kald,
av en ung og tapper mor,
i en krybbe i en stall
fødtet håpet til vår jord.
Så umerkelig, så stille,
byens gater helt forlatt.
Ingen opptog for den lille,
lyset kom en vinternatt.

Gjeterne satt rundt sin grue,
skremtes opp av lys og lyd.
Himlen sto i veldig lue,
engler sang om fred med fryd.
Ikke frykt, vær ikke redde,
Gud er kommet til vår jord.
Nå i natt var det det skjedde.
Gå til barnet og hans mor.

I det stille, til de små,
bringer Jesus håp og fred.
Og han kommer, da som nå,
fra sin himmel til oss ned.
Julenatt med lys og glede
minner oss om Gud som kom.
Evig er han her til stede.
Nå står grav og krybbe tom.

Bjørn Eidsvåg skreiv både tekst og
melodi til denne salmen i 1992.

På starten av det første verset føler vi
dei kalde, tomme gatene i byane. Så
kjem den meir tradisjonelle forteljinga
om gjetarar og englar. Men på slutten
av det tredje verset er grava og krybba
tomme og kalde. Jesus er blant oss. Ei
kreativ avslutning.



**Andrew Paul
Holman**
KANTOR

Skaparverket

Av Lars Hernes

*Vår Skapar sa i opphavs tid: «Jorda skal bli grøn!» *
Og ved hans ord og kraft så vart det som han spådde.
Då skuldar me å fagna han med lov og takk - i bøn.
For såleis synte Gud korleis han i si allmakt rådde.*

*På marka spirte det og voks ny gror av alle slag.
Med frø og såkorn vart det mat av åkeren si grøde.
Ja, dertil bær og frukter - nok til kvar ein dag.
Guds gode forsyn gjaldt òg menneska si føde.*

*Me fekk ei jord i varetekt, ei pakt som står ved lag.
Me skulle dyrka, vørdsla, med arbeid, dug - i age.
Det var eit bod, eit ansvar - ein tillit Gud oss gav.
Men kva har hendt med det som var ein frodig Edens hage?*

*I sanning lyt me vedgå: Vår synd mot Gud er stor.
Så mykje har gått skeis i Edens pure hage.
Så mykje som har visna der blommar stod i flor.
Så mykje spilt og øydelagt, så mykje heilt av lage.*

*Kva gjer me då? Me bøyer oss for Gud i bot.
Me vender om frå alt som gjekk på tverke.
No gjeld det bøtta skadane. Me bed om kløkt og mot
til oppattnying av Guds gåve: Skaparverket!*

* 1.Mos 1,11: Gud sa: «Jorda skal bli grøn! Grøne
vekstar skal gro på jorda, planter som set frø,
og frukttre som ber frukt med frø i, av alle slag.»
Og slik vart det.

NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPlass & MISJON

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.



Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis
Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPlass MISJON



Følg oss på Facebook
"NMS Gjenbruk Os"



Kyrkjevalet 2019

- kyrkjevalet er vel overstått og her er resultatet

Desse er valt inn som medlemmer i soknerådet for perioden 2019-2022.

- Bente Marie Brøvig Strømme
- Knut Inge Johnsen
- Inger Jonette Indset Botnevik
- Jorunn Hodneland
- Christine Westgaard Lund Halland
- Per Gunnar Lunde Oseng
- Jon Håkon Øen
- Malin Nøss Vangsnes

Varamedlemmer for soknerådet i perioden 2019-2022.

1. vara: Arne Tveit
2. vara: Nils Sørbo
3. vara: Kjell Jarle Aadland
4. vara: Becky Ogwu Hesjedal
5. vara: Thorstein Skårnes

Det nyvalde soknerådet trer i kraft med

soknerådsoppgåver frå 1. november 2019. Dei skal presenterast for kyrkjelyden søndag 3. november kl 11.00 i Os kyrkje.

Vi nyttar høve til å takke det avtroppande soknerådet for fire år som medlemmer og varamedlemmer av rådet. Tusen takk for all tid, alle bidrag, engasjement og alle hjelpande hender!

Takk også til alle dei som sa seg villig til å stille som soknerådskandidat for den kommande perioden. Vi gler oss til fellesskap og samarbeid i åra som kjem.

Kristine Fjeld
KYRKJEVERJE



Sokneprestens hjørne:

Eit liv som læresvein er eit liv i fellesskap med andre læresveinar.

I førre nummer av bladet, nevnte eg – og anbefalte - Oskar Skarsaune si bok: «*Etterlyst: Bergprekenens Jesus.*» Noko av det han skriv om, er å være læresvein i lære hjå meister Jesus. Ein læresvein er ikkje ferdig utlært, han er ikkje fullkomen, men han er på veg slik dei andre læresveinane er. Dåpen er adgangsteiknet til meisterklassen.

Men ein treng å møte opp og la seg undervisa av meisteren som viser korleis ting skal vere. Han gjev råd, rettleiing og oppmuntring undervegs. Læresveinane tilhører ofte eit laug, ein fellesskap. Å vere Jesu læresvein, er å høyra til fellesskapen som er samla kring Jesu ord og bord.

Eg tenkjer dette er eit vakkert og sant bilete på kyrkja. Ho er ikkje ein fellesskap av folk som er einige i alle ting, ikkje ein fellesskap av perfekte, vellukka menneske. Ho er heller ikkje ein fellesskap av menneske som likar kvarandre. Ein kan lett missa fokus, om ein tek til å sjå på alle dei andre: Kva gjer han her, han har jo ikkje rett teologi.

Og ho, med det livet? Ynskjer eg å vere i same fellesskap som henne? Og han som ikkje er i stand til å sjå si eiga synd og gjere opp for seg. Eller dei som ser ut til å tru at dei er så mykje betre enn alle andre..

Os kyrkje haldas stengt grunna rehabilitering

Os kyrkje har 150-års jubileum i 2020! Kommunen har løyva 4.millioner til rehabilitering av kyrkja. Det skal først og fremst sikra at det kan gjerast tiltak som bidreg til ei varmare, sikrere og meir energieffektiv kyrkje.

I forbindelse med rehabiliteringa, vert kyrkja stengt i perioden 6. januar – 7. februar 2020. Noko arbeid startar allereie i haust, derfor kan det hende at du vil sjå spor av dette om du er innom kyrkja på gudsteneste. I perioden kyrkja er stengt vil Nore Neset kyrkje bli tatt i bruk til gudstenester, gravferd, vigslar og andre arrangement. Der det er naturleg vil også Tunet kyrkje- og kultursenter bli brukt, i denne perioden, som erstatning for Os kyrkja. Vi gler oss til å få gjennomført tiltaka og til å ønskje velkommen til ei enda flottare Os kyrkje i februar 2020.

Kristine Fjeld
KYRKJEVERJE

Eg vert stundom overraska over kor «gode» grunnar einskilde gjev seg sjølv for å halde seg vekke frå fellesskapen. Og eg undrar meg: Kan dei ha gløymt at den kristne fellesskapen først og fremst er fellesskap med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. Det er han vi samlast om. Sidan den aller første tida, har læresveinane samla seg regelmessig. Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapen, brødsbrytinga og bønene, står det i apostelgjerningane. Disippel-liv er liv i fellesskap, slik har det alltid vore.

Margrethe Holmboe Askeland
SOKNEPREST

Søndagssamlingane for menneske med utviklingshemming

I Nore Neset kyrkje kl 17-18.30:
Fast program er bibelforteljing, sang
og musikk, kaffe og litt å bite i.

- **Søndag 10 november**
musikk ved Arvid Varpes combo
- **Søndag 1. desember**
musikk ved Halbjørn Barman's
ensemble

Julefest i Nore Neset kyrkje

Laurdag 11. januar kl. 16.30.
Musikalsk innslag og andre
programinnslag.
God mat og juletrengang.

Inngang:

- Vaksne kr 50,-
- Born kr 30,-
- «Kjernefamilie»
(mor/far/born):
kr 150,-

Koret Kyriake er 40 år i år

Det vert jubileumskonsert,
laurdag, 9. november kl
18:00, i Os kyrkje.

Alle er hjarteleg velkomen. Meir
info på kyrkja.no/os

Kyrkje-skyss

Menneske som ikkje
har bil eller er dårleg
til beins, treng hjelp
til bilskyss for å
komme seg til/frå
søndagsgudsteneste.

Vi treng frivillige til hente og
bringe personer som melder
om behov.

Tenesta er gratis for den som
får skyss, og inga godtgjersle til
den som hentar/bringar.

Anten du treng skyss, eller kan
hente/bringe; ta kontakt pr
epost til: post.os@kyrkja.no så
kontaktar vi deg.

Inger-Johanne Haugland
Frivilligkoordinator, Os kyrkjelyd

Trekningsliste, Misjonsmessa 19. oktober 2019

- **Duk – hardangersaum:**
Ingunn Myrliid
- **Pledd:** Ole Slattum
- **Dokk m/klede:** Øyvind Gjerde
- **Lysetake:** Mia og Eirik
Nordheim
- **Strikka pute:**
Torill Myklebust Lie
- **Koffert:** Per Torgeir Nilsen
- **Sparkesykkel:**
Anne Karin Eide Flesland
- **Turkniv:** André Sørbø
- **Tursekk:** Rune Kvåle
- **Stavmixer m/tilbehør:**
Torhild Frønsdal
- **Vase og lysetaker:** Torgeir og
Gro Helen Skjælaaen
- **Foto – bilde:** Bjørn Kaland
- **Bestikk:** Ida Hanne Hagen
- **Trebolle og løper:**
Jorunn Hodneland
- **Lego:** Ingrid F. Bøtun

Adventsmøte

Onsdag 4. desember kl 18 i Tunet

- Song og musikk
 - Adventstankar ved Svante Havåg
 - Servering: Risgrøt
- Alle er velkomen!

Os Fellesforening av NMS


Sag og høvleri
DRANGE BRUK AS

Høvel- og skurdlast
Panel - lister - golv
Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

GRAVMINNER

 **Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

OS HAGESERVICE 
alt innen hage

Vi lager hageplan,
murer, legger stein,
lager plen og planter
busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80

www.oshageservice.no



Støtt våre annonsører



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

**Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no



ING. G. VÅGE A.S

5217 Hagavik
Telefon.: 56 30 55 39
E-mail: g-vaage@online.no
www.vaage.as

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?
Når du trenger elektriker
kontakt Gunnar*

DRENERING • MURING • SPRENGING



BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | www.verden.no

REISEGARANTI
RGF
FONDET



FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf.: 56 58 14 06
Fax: 56 58 39 99
Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90



www.jernia.no

GRAVMINNER

Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing



STEINRIKET

EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
TLF. 55 98 70 00



Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon
56 57 49 50**

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no



DØYPTE

18. august

Eva Eide
Mina Merkesvik-Lang
Jesper Moldskred Oppermann
Ola Veim Sørheim
Oskar Takvam

25. august

Ulrik Lothe Bøthun
Isak Lunde
Lilly Garvik Olsen

1. september

Theodor Bergsvik Heggland
Mathias Hitland Rønning
Theo Storum

8. september

Amalie Bu Aalvik
Milian Karlström Gjerdevik
Simon Risa Kalvenes
Tormod Lunde
Jenny Myksvoll Olufsen

15. september

Hedvig Vassenden Fjellkårstad
Oliver Johnsen Næss
Madelen Natås
Karl Haruki Petersen

22. september

Tobias Nordvik
Amalie Victoria Opheim
Alma Sletten Råheim
Astrid-Elida Eikemo Widding

29. september

Nicholas Hallem Clausen
Maren Stangeland Eikrem
Ingrid Fonnes
Theodor Kvalheim Laugen

6. oktober

Lucas Gravelseter
Leon Hauge Ormberg
Olivia Senja Henriksen Røstbø
Magnus Hjertnes Røttingen
Lucas Røyrvik
Johannes Røyrvik

13. oktober

Aksel Balland Dreyer
Hilma Askeland Randa
Eliana Tvedt Thuen

VIGDE

17. august i Os kyrkje

Iril-Helene Tysseland
& Steffen Nordvik

Kariann Dale & Odin Skaar Tveit

23. august i Os kyrkje

Line Hoff Niilsen & Joar Lyssand

24. august i Os kyrkje

Evelyn Solholm
& Eirik Sundøy Andersen

Silje Hestnes Sandven
& Jarl Martin Sørås

7. september i Os kyrkje

Christine Bierling
& Andreas Åvitsland

14. september

Linn-Therese Runesdatter Sælen &
Bjørnar Nesse

DØDE

Ingunn Judith Lyssand

f. 30.01.1949 - d. 05.08.2019

Kathe Liv Hellevang

f. 23.05.1951 - d. 06.08.2019

Roger Engen

f. 30.08.1976 - d. 08.08.2019

John Hansen

f. 20.05.1932 - d. 12.08.2019

Kåre Johan Eiken

f. 02.08.1929 - d. 15.08.2019

Terje Grimstad

f. 22.06.1943 - d. 15.08.2019

Anne Berit Tøsdal Lehrmann

f. 02.09.1948 - d. 21.08.2019

Linda Skåla Eiken

f. 21.08.1963 - d. 23.08.2019

Harald Ansgar Solheim

f. 20.06.1935 - d. 27.08.2019

Knut Odvar Kopperud

f. 20.02.1929 - d. 28.08.2019

Borgny Øvregård

f. 26.09.1922 - d. 04.09.2019

Liv Marie Øvreeide

f. 04.08.1942 - d. 06.09.2019

Sigrid Tvedt

f. 05.08.1966 - d. 07.09.2019

Froydis Karlsen Selje

f. 30.01.1961 - d. 13.09.2019

Jan Ivan Børretzen Folgerø

f. 16.10.1980 - d. 14.09.2019

Margun Frotveit

f. 29.05.1970 - d. 20.09.2019

Olav Martin Storenes

f. 11.08.1946 - d. 21.09.2019

Christer Roksvåg Jensen

f. 03.03.1987 - d. 22.09.2019

Kjell Andreas Orrebakken

f. 04.10.1944 - d. 25.09.2019

Kjetil Sørstrønen

f. 04.08.1967 - d. 26.09.2019

Björg Margit Ognedal

f. 08.08.1932 - d. 28.09.2019

Fred Harry Mons Neumann

f. 24.02.1928 - d. 30.09.2019

Harald Mo

f. 19.02.1924 - d. 03.10.2019

Kjell Askeland

f. 12.07.1932 - d. 05.10.2019

Åge Roald Dørmænen

f. 12.08.1942 - d. 07.10.2019

Solveig Johnsen

f. 05.06.1928 - d. 07.10.2019

Oversikt over kva vi har fått inn i takkoffer sidan 7. august 2019

Dato	Takkoffer til	Beløp
04.08.2019	Misjonsprosjektet	kr 5 067,-
11.08.2019	Tunet	kr 7 859,-
18.08.2019	Menneskeverd	kr 5 353,-
25.08.2019	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	kr 9 040,-
01.09.2019	Norges Kristelige Student- og skoleungdomslag	kr 4 984,-
08.09.2019	Kirkens Bymisjon, Bergen	kr 6 444,-
15.09.2019	Barnearbeidet i kyrkjelyden	kr 8 048,-
22.09.2019	Tunet	kr 5 148,-
29.09.2019	IKO - Kirkeleg pedagogisk senter	kr 6 810,-
06.10.2019	Misjonsprosjektet	kr 5 680,-
13.10.2019	Care Norge - TV aksjonen	kr 6 036,-



Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
03.11.19 kl 11.00: Nattverd. Presentasjon av nytt sokneråd.	03.11.19 kl 11.00: Minnegudsteneste.
03.11.19 kl 19.00: Minnegudsteneste.	10.11.19 kl 11.00: Myldregudstente. Dåp.
10.11.19 kl 10.00: Dåp.	01.12.19 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Born frå Lys Vaken deltek.
10.11.19 kl 11.15: Nattverd. Konfirmantar deltek.	15.12.19 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Prostebesøk.
17.11.19 kl 11.00: Dåp. Nattverd. Born frå Lys Vaken deltek.	24.12.19 kl. 14.30 og 16.00: Julaftan
24.11.19 kl 11.00: Lovsong og band.	26.12.19 kl. 11.00: Dåp.
01.12.19 kl. 11.00: Nattverd. Speidarane deltek.	12.01.20 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Konfirmantar deltek.
08.12.19 kl. 10.00: Dåp.	19.01.20 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
08.12.19 kl. 11.15: Nattverd.	26.01.20 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
15.12.19 kl. 19.00: Lysmesse.	
24.12.19 kl. 14.00, 15.15 og 16.30: Julaftan	
25.12.19 kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste. Nattverd.	
01.01.20 kl. 16.00: Festgudsteneste. Nattverd.	
05.01.20 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
	Andre
	Luranetunet 24.12.19 kl. 11.00: Julaftan
	Storsalen i Tunet (Os kyrkje stengt for oppussing) 19.01.20 kl. 11.00: Lovsong og band.

Sjå <https://kyrkja.no/os> for oppdaterte opplysningar.



OS Kyrkjelyd

TILSETTE:

SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05
Mob: 979 51 006, ma735@kyrkja.no

KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, re674@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

VIKARPREST

Svante Havåg, sh226@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

KYRKJEVERJE:

Kristine Fjeld, kf253@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 03, mob: 414 26 859

DAGLEG LEIAR:

Linda Ekerhovd, le663@kyrkja.no

KONSULENTAR:

Elin Oldervoll Moberg,
tlf. 56 57 24 02, em244@kyrkja.no
Monica Refsdahl
tlf. 56 57 24 13, mr346@kyrkja.no

UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, lh798@kyrkja.no,
tlf 56 57 24 17 / mob. 476 56 541

KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hl489@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 14, mob: 452 75 553

DIAKON:

Ingrid Vik, iv588@kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, ah292@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 11
Anton Proskurnin, ap244@kyrkja.no
mob.: 482 32 977

FRIVILLIGKООORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ih985@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

KYRKJELYDSPEDAGOG

BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, gs234@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hv299@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 09

DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG

GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Reidar Berge (mob 416 52 042),
Marianne Tveit, Øyvind Dreyer, Agnar
Midtsæter og Linn Kjerstin Østgulen.

Avs:

Os kyrkjelyd

Postboks 209

5202 Os

BARNESIDA



BARNAS SIDE



Hjelp gullfisken ut i sjøen!

Den stakkars gullfisken hamnar i do og må finne vegen gjennom røyra og ut til sjøen. Kan du hjelpe han?




Finn fem feil!

Noah bygde ein stor båt med plass til familien og mange dyr. Gud redda dei frå flaumen. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?



Fargelegg!



Teikningar: Trevor Keen

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sundagsskolen.no eller **22 08 71 00**



Vitsar

Har du høyrte om skipet som var på veg frå Hongkong til Oslo lasta med jojoar? Det sokk 143 gongar på vegen.

– No kan det ikkje bli verre! sa pessimisten.
– Å jo, då! sa optimisten.

Kvifor hatar kengurumødrer regnversdagar?
Svar: For då må barna leike innandørs.